

Tiltak og nye verkemiddel i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder

Felles presentasjon på Klima- og miljødepartementet sitt innspelsmøte om stortingsmelding om villrein 03.05.202.

Administrative innspel frå Verneområdestyret for SVR, Villreinnemnda for Setesdalområde, Setesdal Ryfylke villreinlag, Setesdal Austhei villreinlag og Statsforvalteren i Rogaland

Innleiing

I Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei er ein nå godt i gang med arbeidet med tiltaksplanar etter kvalitetsnormen. Gjennom dette arbeidet vil det komme opp eit forbetra kunnskapsgrunnlag og ei lang rekk konkrete tiltaket. I dette innspelet vil vi derfor fokusere på overordna tiltak og verkemiddelbruk, og komme tilbake med meir detaljerte tiltak gjennom tiltaksplanane. Arbeide med tiltaksplanane blir leia av Statsforvalteren i Agder.

Aktuelle tiltak og verkemiddel

Samferdsel

Ved alle større samferdselsprosjekt som berører villreinområde, må det veljast løysningar som betrar tilhøva for villreinen. Særleg relevant er val av tunnelloysingar og opningstider for veg.

Eit konkret døme frå våre villreinområde vil være å legge inn tunelloverbygg som kan fungere som villreinpassasjer på E134 over Haukelifjell. Her vil slike tunelloverbygg kunne restaurere tapte villreintrekk mellom Setesdal Ryfylke og Hardangervidda.

Revisjon av turistløypenettet

Det er behov for en samla revisjon av turistløypenett i kvart villreinområde, inkludert nedlegging og flytting av turisthytter og turistløyper der det er i konflikt med villrein

I både Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke er det fleire døme på turisthytter og løyper som inneberer omfattande vandringshinder for villreinen. For turisthyttene Øyuvsbu og Storsteinen er det særleg aktuelt med tiltak.

Ferdse på anleggsvegar

Det må innførast strengare bomregime på anleggsveier som gir ferdsel i viktige funksjonsområder for villrein. Departementet bør vurdere spegelvending av prinsippet om at anleggsveier skal være åpne for ålmenta. Å stenge anleggsvegar for allmenn ferdsel er tidkrevjande og konfliktfylte prosessar.

I Setesdal Ryfylke er det fleire døme på at anleggsvegar utgjer vandringshinder for villreinen (Store Urevatn, Flatstøldalen).

Regulering av ny hyttebygging og ferdsel frå hytteområde

Det bør komme endringar i nasjonal hyttepolitikk ved at lokalisering av nye hyttefelt skal skje utanfor område som gir økt aktivitet og ferdsel inn i nasjonalt villreinområde. Det bør og vurderast ein byggestopp i kritiske trekkområde for villrein.

I Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei gjeld dette særleg hytteområda Vågslid, Hovden, Øvre Sirdal og Bjørnevatn, kor dei tre første genererer mykje ferdsel inn i viktige vinterbeiteområde og det siste gir ferdsel i eit svært viktig trekkområde.

Statleg ordningar for sikring og oppkjøp av særleg viktige område for villrein

Ved Bjørnevatn i Setesdal Austhei er trekkpassasjen gjennom område nær ved å gå ut av bruk på grunn av hyttebygging og ferdsel på fylkesveg 450. I denne trekkpassasjen er det likevel mange godkjente hyttetomter som ennå ikkje er seld. Ein moglegheit for å ikkje gjere trekkmoglegheitene dårlegare enn kva den allereie er, er at det ikkje blir bygd fleire hytter.

Endring av lover og føreskrifter

Lovheimlar for regulering av ferdsel

Å ha lovheimel til å kunne forby og regulere ferdsel til fots vil være eit heilt nødvendig verkemiddel i forvaltninga av villreinens leveområde. Ferdseisforbod/ferdselsreguleringar må kunne innførast i avgrensa område som er særleg viktige for villreinen og/eller i tidsrom kor arten er særleg sårbar for forstyrringar.

For areal som er verna etter naturmangfaldslova må alle verneføreskrifter endrast for å få plass ein slik lovheimel. For at ferdselsforbod/ferdselsreguleringar skal kunne innførast i landskapsvernområde må og §36 i naturmangfaldslova endrast.

I Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei vil dette være svært viktig ettersom det meste av dei verna areala består av landskapsvernområde. I desse område er det fleire døme på lokalitetar kor ferdsel til fots er eit trugsmål mot villreinen.

Innstramming av landbruksvegføreskrifta

Slik landbruksvegføreskrifta har blitt praktisert dei siste to åra har det blitt opna for nye landbruksvegar som medfører auka ferdsel inn i villreinområda. Departementet må få plass ei presisering av dette regelverket slik at nye landbruksvegar ikkje skapa rauka belastning på villreinområda.

Lovregulering av nye ferdselsformer

Nye aktivitetsformer dukkar stadig opp. Der aktivitet blir regulert ved lov så må lovheimelen famne såpass breidt at også dekker nye aktivitetar som dukkar opp

Oppfølging av St. Meld. 18 om friluftsliv

Her må ein unngå at pågåande forskriftsendringar opnar for aktivitet som slår beina under arbeidet med tiltaksplanane. Her tenkjer ein særleg på den varsla liberalisering av sykling på sti i verneområde

Jaktfrie soner

Få plass lovheimlar som kan opne for innføring av jaktfrie soner i områder som er særleg viktige for villreinen.

Jaktfrie soner kan være eit aktuelt verkemiddel i våre villreinområde, til dømes i Steinbuskardområde.

Pliktig organisering av rettighetshavarar i villreinområde

Få plass lovheimlar som kan opne for innføring av pliktig organisering av rettighetshavarar i villreinområda for å sikre betre organisering av jakta og mindre stress på villreinen

Endring av gamle verneføreskrifter

Det er nødvendig med ein gjennomgang og oppdatering av eldre verneforskrifter for verneområde med villrein. Verneformål må inkludere villrein og naudsynete reglar for ivareta funksjonsområder for villreinen.

I våre villreinområde er dette særleg aktuelt for Hovden landskapsvernområde i Setesdal Austhei. Dette er eit svært viktig vinterbeiteområde, men verneføreskrifta har ikkje villrein som ein del av verneføremålet, og føreskrifta manglar reglar for regulering av motorferdsel.

Finansiering

Finansiering av villreintiltak

Mange avbøtande og kompensierende villreintak vil være svært kostnadskrevjande og gjennomføre, mens andre kan gjennomførast utan store kostnadar. Det vil uansett være behov for betydelege øymerka statlege midlar i åra framover. Allereie i dag er fleire villreintiltak «gryteklare», men gjennomføringa må utsettast på grunn av manglande finansiering. Det er derfor viktig at løyvingane til gjennomføring av avbøtande villreintiltak aukast alt frå 2024.

Positive villreintiltak – informasjon og alternativ tilrettelegging

Ein kan neppe forby seg ut av alle utfordringane villreinstammene står overfor. Informasjon og alternativ tilrettelegging være viktig positive tiltak for å styre ferdsla. Slike tiltak vil og være kostnadskrevjande og det vil derfor være behov for betydelege øymerka statlege midlar i åra framover.

Av døme på gjennomførte tiltak i våre villreinområde er utarbeiding av villreininformasjon til turistvertar i samarbeid med reiselivsnæringa og bygging at tursti til Hovdenuten i Bykle. Gjennom liknande tiltak vil det være mogleg og styre delar av ferdsla ut i kantane eller heilt ut av villreinområda.